



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Nilsen, Haldis Karine	K2 - K54	14/825

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
119/16	Formannskapet	PS	22.11.2016

FISTER SMOLT - SØKNAD OM ENDRING AV REGULERINGSREGIME FOR HETLANDSVATNET - UTTALE

Vedlegg:

Fister Smolt AS - søknad om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune, Rogaland - høyring

201506813-4 Fister Smolt AS - søknad om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune, Rogaland - høyring med vedlegg

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

Hjelmeland, den 14.11.2016

Dag Flacké
Rådmann

Formannskapet - 119/16

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.



HJELMELAND KOMMUNE

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

Saksopplysninger:

Samandrag

Fister smolt har søkt om ei justering av reguleringsregimet for Hetlandsvatnet. Rådmannen tilrår at kommunen er positiv til justeringa.

Fakta

Fister smolt har søkt om ei justering av reguleringsregimet for Hetlandsvatnet. Gjeldande reguleringsregime seier at vatnet kan hevast 30cm i desember månad, og senkast 30 cm heile året. Dvs ei totalregulering på 0,6m i desember, og 0,3 m resten av året. Det er opplyst at krav til minstevassføring i Fisteråna vil vera den same, og det elles ikkje skal gjennomførast nye teknisk inngrep. Sjølve søknaden er å finna her: <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201506813/1897157>. Det er gitt grunngjeving for tiltaket, skilirdring av tiltak med konskvensanalyse, og abøtande tiltak.

Det står i søknaden m.a. dette om kvifor det vert søkt:

☐ Sikre distriktsarbeidsplassene ved Fister Smolt AS

☐ Framtidens krav til større smolt og forlenget leveransesesong for smolt.

☐ Krav til minstevannføring i konsesjonen er for høy i forhold til normalavrenningen til vannet.

☐ Det er større svingninger i nedbør, noe som medfører store utfordringer med et høyt krav og fast nivå til minstevannføring

☐ Varmere vær øker fordampningsgraden fra Hetlandsvatnet

For det omsøkte tiltaket mener Fister Smolt at:

☐ Friluftsinnterese rundt Hetlandsvatnet og Fisteråna vil bli svært lite berørt av tiltaket

☐ Elvemusling i Fisteråna blir ikke berørt av tiltaket

☐ Tiltaket har liten innvirkning på det landskapsmessige, da endringen ligger innenfor vannstandsreguleringen Fister Smolt AS allerede kan gjennomføre i deler av året.

☐ Det er tatt hensyn til landbruksinteresser gjennom kompenserende- og utbedrende tiltak i



HJELMELAND KOMMUNE

samråd med berørte eiendom.

Det er viktig for Fister Smolt AS å presisere at vannuttaket fra Hetlandsvatnet ikke øker utover

konsesjonsvilkårene på 330l/s, som månedsmiddel og 260 l/s som årsmiddel.

.....

En regulering av Hetlandsvatnet på 0,6 meter hele året vil gi Fister Smolt bedre rammebetingelser til å

take tørre vår og sommerperioder. Det er tidligere søkt om regulering og dispensasjoner for

magasinfylling i Hetlandsvatnet, men ikke muligheten for å regulere 0,6 meter hele året.

Lokalt er det enighet og aksept for endret reguleringskrav og minstevannføring med støtte fra

grunneiere og lokalbefolkning på Fister.

Lovar, føresegner, rundskriv

Søknaden vert av NVE behandla etter kap 3 i vassressurslova.

Økonomiske konsekvensar

For kommunen ingen direkte.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Kommunen har ved tidlegare høve avgitt uttale til regulering av Hetlandsvatnet, mellom anna i fsak 045/11. På det tidspunktet var det snakka om større endringar i reguleringshøgde og i minstevassføring.

Innkomne uttalar

Ein kjenner ikkje til kva andre har uttalt til NVE som har sendt saka på høyring.

Vurdering og konklusjon

pr i dag kan «oppsamling» til maks reguleringshøgde starta 15.11, og så skal vatnet vera attende på normalvasstand eller under innan 1.4. På bakgrunn av det ein kan lesa av søknaden, vil den foreslåtte endringa vera å sjå på som ei mindre justering med lite praktisk konsekvens for andre. Det hadde vore ei større utfordring om det vart lagt opp til ei lågare normalvasstand enn det reguleringsregimet i dag gir rom for. Hjelmeland kommune ynskjer å leggja tilhøva til rette for akvakultur, og ein tykkjer den omsøkte endringa framstår som lite problematisk. Rådmannen vil tirå at kommunen er positiv til endringsframlegget.